

# ***Kvinnherad kommune***

## **RETNINGSLINER FOR TILDELING AV MARKNADSFØRINGSMIDLAR**

Vedtekne av Komite for næring og samferdsle i møte 21.11.2013, sak 2013/2.

### **1. GENERELT**

Retningslinene gjeld for tildeling av midlar frå investeringsposten Marknadsføring av Kvinnherad dersom kommunestyret har løyvd slike midlar.

Formålet med midlane er å setja Kvinnherad på kartet og marknadsføra kommunen overfor potensielle tilflyttarar, næringsetablerarar og turistar.

### **2. STØNADSFORMER**

Midlane skal gjevast som tilskot til prosjekt.

Som hovudregel vert sett ei nedre grense NOK 10.000 og ei øvre grense NOK 50.000

### **3. KVEN KAN SØKJA**

Kommunen, einskildpersonar, mindre bedrifter og lag og organisasjonar kan søkja.

### **4. KRAV TIL SØKNAD**

Søknaden skal innehalda :

- Ei utgreiing om prosjektet der det spesielt vert fokusert på marknadsføringseffekten.
- Budsjett
- Finansiering

### **5. SØKNADSRIST**

Marknadsføringsmidlane skal normalt utlysast samla i første kvartal av budsjettåret.

Søknadsfristen vert sett i utlysinga og skal normalt vera 1mnd frå utlysing.

### **6. BEHANDLING AV SØKNADEN**

Komite for næring og samferdsle gjev tilsegn om midlar etter ei samla vurdering av søknadane. Komiteen si vurdering av marknadsføringseffekten av omsøkte prosjekt, vil vera sentralt moment ved tildelinga. Komiteen kan også av eige initiativ tildela midlar til andre ikkje omsøkte prosjekt.

### **7. UTbetalingsvilkår**

Marknadsføringsmidlane kan utbetalast når prosjektet er gjennomført, eller når det er eit rimeleg høve mellom det som er utført og det som er innvilga.

Søkjær må senda kommunen ei utgreiing og ein rekneskap over kva som er utført vedlagt dokumentasjon på utgifter.

Rådmannen vurderer utbetaling av midlane.

Dersom prosjektet ikkje er oppstarta innan 1 år etter at løyvinga vart gjeven, må søknaden vurderast på nytt.

## **8. KLAGE**

Komiteen sine vedtak er rekna som enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 og kan påklagast til kommunen si særskilde klagenemnd, jf forvaltningslova § 28.

k:\SAMF\Retningsliner\Vedtekne retningsliner for tildeling av marknadsføringsmidlar